

# KYRKJELYDEN

Kyrkjelydsblad for kyrkjelydane i Vinje

Nr. 82 Hausten 2022



11. august vitja biskop Stein Reinertsen Grunge kyrkje for å vigslе Robertas Lamsodis til kantor. Tittelen *kantor* er ei stadfesting av at ein har universitetsutdanning som kyrkjemusikar, og ein blir vigsla til tenesta av biskopen.  
Meir om vigslinga på side 4.

# Jesus og den samaritanske kvinnen

Hvor finner vi kilden til det levende vannet?  
Det som veller fram og gir evig liv?  
Det som er fullt av ånd og sannhet, nåde og kjærlighet?  
Det som får gudsbildet i oss til å vokse på tross av alle våre feil og alle villspor vi følger?

Å stå der ved Jakobskilden i middagsheten med tom krukke og møte en mann som påberoper seg å være denne kilden må ha vært en svimlende opplevelse for den navnløse landsbykvinnen vi nettopp hørte om. Og den ble ikke mindre av at denne mannen samtidig brøt alle regler for sømmelighet. Møtet mellom Jesus og kvinnen ved Sykars brønn er en grenseoverskridende hendelse. Tabuer brytes. En mann snakker i tosomhet med en ukjent kvinne av et annet folk og en annen religion. Det var uhørt i samtiden. Og mange steder i verden vil det være uakseptabelt i dag også.

Men noe i det Jesus sa har for kvinnen løftet dette møtet til noe annet enn et møte med en pågående og frekk mann som ikke brød seg om regler for sømmelig adferd. Vann av evighet møter vann av tid. Sannhet møter det usagle og fordekte.

Og et menneske føler seg sett. Opplever seg gjenkjent. Dømt, men ikke fordømt. Hennes menneskelighet fikk et løft. Gudsbildet i denne kvinnen kom til synet for henne selv. Et liv ble avslørt. Men likevel ble selvbildet større og vakrere.

Opplevelsen måtte deles med alle hun kjente. Ingen ting i livet ble helt det samme etter dette.



Jeg skulle gjerne hørt fortellingen om kvinnens liv etter denne hendelsen.

Det kan bli en spennende fabel. Neppe en solskinnshistorie. Jeg ser henne for meg i måneder og år etter at hun møtte Jesus. Jeg forestiller meg at hun ofte valfartet til brønnen hvor hun grublet over dette rare møtet og kanskje speidet etter den underlige mannen hun håpet en dag skulle komme tilbake.

Men hun hadde kanskje ikke all verdens tid til grublerier, dagdrømmer og fantasier. Hun levde i en røff tid der kvinner hadde lav status, og der kampen for tilværelsen var en utfordring hver eneste dag.

Men hun hadde fått næring til sin menneskelighet. Hun hadde fått en ny verdighet og stolthet. Hun kunne løfte hodet og ikke fordømme seg selv.

Kanskje forlot hun den mannen hun levde med, kanskje vendte hun tilbake til sin første kjærlighet, men kanskje var veien dit for lengst stengt. Kanskje gikk det helt annerledes? Kanskje fant hun en ny mann, kanskje flere for alt vi vet. Det er ikke sikkert det ble noen klanderfri fortsettelse og en happy end.

Men hun hadde sett et gløtt av evighet og sett noe stort i seg selv og i det å være menneske.

---

Dette er første del av preika som Erik Hillestad, leiar av Kyrkjeleg kulturverkstad, heldt i Vinje kyrkje under Litteraturdagane 2022. Heila preika finn ein på [kyrkja si heimeside](#). Preketekst den sundagen var frå evangeliet etter Johannes, kap 4, v. 1-30 og v.

39-42.

## Ikkje krise, men...

I haust kom Statistisk sentralbyrå med ferske tal for trus- og livssynssamfunna i Noreg. På landsbasis syner tala at Den norske kyrkja har mist 130 000 medlemmer, og det berre på eitt år! Dette er dramatiske tal samanlikna med 2020, då nedgangen var på 30 000. Like dramatisk er det ikkje når mykje av nedgangen skuldast ei lovendring. 109 000 av dei 130 000 er medlemmer som automatisk er stroke på grunn av ny lov som mellom anna seier noko om korleis born skal registrerast i medlemsregistera til trudoms-samfunna.

«Tilhøyrige» - udøypte born der ein eller både foreldra hadde medlemskap i Den norske kyrkje, skal no ikkje lenger automatisk *registrerast* som medlemmer. No er det dåpen som må til for å bli medlem, eller eit aktivt val frå foreldra.

Likevel er det tre og ein halv million menneske som framleis er medlemmer av Den norske kyrkja, eit tal som held seg relativt godt. I ein kommentar seier avis Vårt Land at dette talet er likt det medlemstalet kyrkja hadde i 1980. Prosenten dette utgjer av total-befolkinga i Noreg, har gått ned, men det er fordi vi er fleire her i landet, og mange tilhøyrer andre trussamfunn.

Likevel, sjølv om tala let seg forklare, så kan ikkje kyrkja sine tilsette, eller medlemmene, kvile og la sekulariseringa gå sin gang, skriv Vårt Land. Den norske kyrkja er viktig samfunnsaktør, og betydninga som kyrkja har i samfunnet, avheng ikkje av medlemstal, men av at kyrkja, tilsette og medlemmer, er framoverlente og uredde, og vågar tenke nytt om det å vere kyrkje i Norge i dag.

---

**Retting:** I sist utgåve av Kyrkjelyden, nr 81, i juni fekk Johne Romtveit Gugarden feilskrive etternamnet sitt i lista over døypte i Grunge kyrkje.

Vi beklagar så mykje.

Feilen er retta i nettversjonen av bladet.

---

**Kyrkjelyden på nett finn du på [vinje.kyrkja.no](http://vinje.kyrkja.no).**  
**Der finn du og utvalde artiklar frå bladet.**



# DEN NORSKE KYRKJA

## Kyrkja i Vinje og Rauland

[www.vinje.kyrkja.no](http://www.vinje.kyrkja.no)

---

### KYRKJEKONTORET

**Kjell Magne Grave, kyrkjeverje**

Tlf. 35 06 25 87 – mob. 481 20 117

E-post: [kyrkjeverja@vinje.kommune.no](mailto:kyrkjeverja@vinje.kommune.no)

**Sekretær Reidun Nystog**

Tlf. 35 06 25 85 – mob. 992 15 269

E-post: [kyrkjekontoret@vinje.kommune.no](mailto:kyrkjekontoret@vinje.kommune.no)

---

### PREST

**Sokneprest i Vinje Tor Eivind Erikstein**

Tlf. 952 37 673

E-post: [tor.eivind.erikstein@vinje.kommune.no](mailto:tor.eivind.erikstein@vinje.kommune.no)

---

### KANTOR / ORGANIST

**Robertas Lamsodis**, mob. 970 97 475

**Vaida Lamsodiene**, mob. 414 58 747

---

### KYRKJETENARANE

**Vinje og Nesland: Knut Rune Tveiten**

Tlf. 952 02 298

**Grungedal: Tone Edland**

Tlf. 959 30 407

**Rauland og Øyfjell: Olav Jore**

Tlf. 909 41 722

**Møsstrond: Hilde Hovden**

Tlf. 915 92 913

---

### PROSTIDIAKONEN

**Eilev Erikstein**

Tlf. 911 13 580

E-post: [eilever@online.no](mailto:eilever@online.no)

Nettstad: [www.prostidiakon.no](http://www.prostidiakon.no)

**Eilevs podcast "Diakonalgang"**

11 episodar er no tilgjengeleg.

Bruk "diakonalgang" som søkeord, t.d. i Spotify

# Robertas er blitt kantor

Ei vigslig til kantor, er ei stadfesting av at ein person har fullført den høgste grad av kyrkjemusikalsk utdanning, minimum ei fireårig utdanning. Dette vart markert i Grunge i kyrkje 11. august, med biskopen til stades i full mundur, og Robertas for første gong i liturgiske klede.

Robertas har kvalifisert seg til kantor gjennom seksårig bachelor og master ved *Litauens akademi for musikk og teater* i Vilnius, hovudstaden i Litauen. Ein bragd av Robertas, ikkje minst fordi han i mykje av den tida han har studert, også har skjøtta jobben sin som organist.

Robertas og familien kjende Norge før han kom til Vinje som kyrkjemusikar. Han har både vore gardsarbeidar i Rauland og etter kvart med nær kontakt og venskap med familien Nordstoga. Han har til og med vore med Ellen Nordstoga på Landskappleik! Dei siste åra har vi alle opplevd han på piano og orgel som medspelar for m.a. Aasmund Nordstoga.

## Kyrkjemusikk er meir enn Bach

Etter at han var vigsla og bede for med handspålegging av kollegaer og rádsleiarar, følgde det ein konsert som synte kor allsidig Robertas er, og kor vidtfemnande han meiner kyrkjemusikk kan og skal vere.

*Ragnhild Stigen*, starta vart og vakkert med «Blå, blå salme», av Erik Bye til tone av Henning Sommeroe. Ho hadde stilt på kort varsel, som erstatning for nettopp Aasmund Nordstoga, som var blitt sjuk. Men med den stille og vakre songen sin skapte ho ein fin overgang frå vigslingsdelen av gudstenesta, til konsertdelen. Ho vart etterfølgt av *Vitaly Pukish*, som vanleg sterkt og følsomt på trompet. Først med ein trompetkonsert av Albinoni, og så tema-musikken frå filmen «Cinema Paradiso» av Ennio Morricone. Så var det *Hallvard Jørgensen* sin tur, den syngande soknepresten frå Tokke, der Robertas har delar av tenesta si.



Vigslingsgudstenesta var eit tydeleg høgdepunkt for Robertas, litt nervøs og stolt, der han sat aleine i koret og fekk godord og formaningar frå biskopen. Foto: OJG

Hallvard drog til med «*Is This the World We Created?*», signaturlåt med kritisk tekst av popgruppa Queen. Deretter Eric Claptons «*Running on Faith*», der både stemma og gitarspelet til Hallvard fekk utfalde seg. Nestoren *Sondre O. Bratland* toppa konserten og dette mangfaldige oppkommet av musikkjangler med «*Takk at ditt auga ser meg*», ein tekst Trygve Bjerkrheim i si tid skrev med direkte referanse til augaet øvst på altartavla i Grunge kyrkje. Sondre har tonesett songen. Han avslutta med «*O, Herre i dine hender*» med omsett tekst av Svein Ellingsen og tone av Sulo Salonen. Robertas sat ved orgelet, eller det elektroniske pianoet, som akkompagnatør til alt som vart sunge og spela. Han avslutta sjølv med eit mektig orgelverk av Edwin O. Excell, «*Count Your Blessing*» - ei klar oppmoding frå den nyslattede kantoren.

# Takk til Anne Marie Tempelen



Etter om lag to og eit halvt år som kapellan i Tokke og Vinje, reiser Anne vidare til Notodden. Der har ho, når dette bladet kjem ut, allereie tatt fatt på jobben som sokneprest.

Me vil seie takk for det arbeidet ho har gjort for Vinje i denne tida.

Anne kom til Tokke og Vinje som student i februar 2020, for å fullføre praksisen ho trong for å bli prest. Etter endt praksisperiode vart ho vigsla til prest ved ei gudsteneste i Nerset

kyrkje, og seinare innsett som kapellan i Tokke og Vinje i Møsstrond kyrkje på Hovden, jonsok 2021. Anne har vi kollegaer lært å kjenne gjennom samarbeid, og kyrkjelydane gjennom gudstenester og andre kyrklelege handlingar. I ulike samanhengar og ved intervju har og Anne fortalt at ho måtte skjule kven ho eigentleg var. Men det å kome til Tokke og Vinje gjorde henne trygg på at ho kunne stå fram og seie at ho var lesbisk. Slik gjorde ho stabsfellesskapet og kyrkjelydane rikare og meir medvitne på at her skal det vere rom for alle.

Vi ynskjer henne lukke til og Guds velsigning over det arbeidet som no ventar henne på Notodden.

*Tor Eivind Erikstein*

## Folkemusikkgudsteneste i Rauland kyrkje til minne om Myllarguten

I år er det 150 år sidan Myllarguten eller Torgeir Augundsson døydde 21.november 1875.

Det vert folkemusikkgudsteneste i Rauland kyrkje søndag 20.november kl.11.00 for å heidre minnet hans.

Falkeriset spelemannslag kjem for å spele. Annfrid Berget Haukeland har saman med Knut Buen skrive ein biografi «*Myllaren - livet, legenden, medspillaren*» i samband med jubileet. Vinje kyrklege fellesråd har i samband med jubileet pussa opp gravsteinane til Myllarguten og kona Ingebjørg Rikardsdotter.

*Kyrkjeverja*

## Gåve til Grunge kyrkje

I vår kom det to vakre stolar på plass på sida av altaret i Grunge kyrkje, to såkalla "brudestolar" i gyldenlær. Dei er ei testamentarisk gåve til kyrkja etter Bergljot Fosstveit, f. Haukelidsæter. Ho døde i februar og er gravlagd på kyrkjegarden ved Grunge kyrkje. Bergljot gjorde sjølv arbeidet med læret.



*Tekst og foto: OJG*

## Kyrkjeval 2023

10. og 11. september 2023 skal det veljast nye sokneråd. Valet skjer på dei same dagane som det er kommunestyreval. Ved kyrkjevalet i 2023 er det, for første gong, mogleg å stemme digitalt. Sokneråda har ein svært viktig funksjon i kyrkja. Dei skal handsame saker som gjeld kyrkjebygget, kyrkjegardane, og andre kyrkjesaker, og har ei aktiv rolle ved tilsetjingar i kyrklege stillinagar. Arbeidsoppgåvene for rådet er varierte og interessante, så viss du vil vere med å utvikle kyrkjelivet i Vinje så ta kontakt med kyrkjekontoret, så set vi deg i kontakt med ditt sokneråd.

*Kyrkjeverja*

# Kyrkjemøtet vil at alle som jobbar saman, skal ha same leiing



Kristin Gunleiksrud Raauam er leiar av Kyrkerådet. Dei stod bak kompromissframlegget om organisering av kyrkja, som vann fram på Kyrkjemøtet. Foto: Dnk

Kyrkjemøtet er det øvste demokratisk organet i Den norske kyrkja. Det tel 116 medlemmer, der bispedømmeråda utgjer hovudtyngda. Dei samlast kvar haust, i år i Trondheim 21.- 26. september. Dei hadde ei rekkje saker på sakskartet sitt, der alle får meir eller mindre direkte verknad på arbeidet i kyrkja lokalt. Det store spørsmålet i år var prinsippvedtak knytt til organiseringa av kyrkja, og ikkje minst kven som skal ha arbeidsgivaransvaret for prestane. Vedtaket i år er eit prinsippvedtak ein skal styre etter når ein skal teikne ut meir detaljerte ordningar. Dei skal opp på Kyrkjemøtet i 2023.

I dag ligg arbeidsgivaransvaret for prestane sentralt, med bispedømmeråd, biskop og prost som dei utøvande arbeidsgivarane. Sokna ved kyrklegr fellesråd har ansvaret for alle andre tilsette, kyrkjetenarar, kyrkjegardsarbeidarar, kontortilsette, kantor, kateket og diakon o.a.

Tre ulike modellar låg på bordet då Kyrkjemøtet møttest. Modell ein var at *alle* skulle ha soknet som arbeidsgivar, den andre at *alle* skulle tilsetjast sentralt, og den tredje, ein kompromissmodell med ei justering av dagens ordning.

Kompromisset vann med knappast mogleg fleirtal - ei stemme. Det nye er at ein skil mellom leiing og arbeidsgivaransvar. Prestane skal, som no, tilsettast av bispedømerådet, men leiinga av alle fagstillingane, både prest, kantor, diakon og kateket, skal skje lokalt, der ein jobbar saman.

**Prost Asgeir Sele, som i den nye ordninga blir leiaren av fagstillingane i vårt område, var raskt ute og kommenterte vedtaket. Overskrifta hans var:**

**«Ny kyrkleordning – det kan fort gå godt!»**

Asgeir tek utgangspunkt i at Kyrkjemøtet vedtok ei kyrkleordning som knapt nokon i utgangspunktet hadde ønskt seg. Ikkje minst har det vore harde debattar om prestane skal behandlast spesielt, og vere tilsett andre stader enn lokalt, der dei andre kyrkjelsette er tilsett. Sele er innom dette såре punktet, og seier at om det skal gå godt, så må «alle skremmibileta som me laga oss i kampens hete vert erstatta av ein vilje til å arbeida oss saman att, i forventningsfull tillit.»

**Fagkunnskap, erfaringskunnskap og deltakarkunnskap**

I konklusjonen sin understrekar Asgeir Sele at det trengst lagbygging for å lukkast med arbeidet lokalt i kyrkja. «*Skal me lukkast med ny kyrkleordning, trengst det no framfor alt lagbygging. Den beste måten me, etter mi meining, kan få til dette på er å samla tilsette, rådsmedlemmer og frivillige i å utvikla kyrkja nedanfrå med vektlegging av både fagkunnskap, erfaringskunnskap og deltakarkunnskap.*

*Håp var eit sentralt tema på Kyrkjemøtet i år. Knapt noko anna einskildord kan romme kyrkja sitt samfunnssopdrag betre enn nettopp håp. For det er dette me framfor alt driv med, gje menneske håp for livet her og no og håp om eit liv etter dette. Skulle me ikkje då kunna klara å håpa på det beste for det vidare arbeidet med ny kyrkleordning også? Det kan jo fort gå godt!*



Prost Asgeir Sele er optimist og trur på lokalt lagarbeid med respekt for dei ulike faggruppene. Foto: VL

Tekst: Oscar Johan Garnes

# Vandring forforandring

**Seks menn, tre profesjonelle med lang fartstid mellom menneske, og tre som lever med sorga etter sjølvvmord.**

Kven er kven, er ikkje lett å vite. I det ein møttest på denne pilegrimsferda til Røldal, med overskrifta *Vandring for Forandring* (VFF), er ein som ein kameratgjeng. Kanskje kjem ein ikkje til å møtast att, men kameratskapen frå halvtanna døgn på Haukelifjell kan ein likevel ta med seg vidare. Gjengen møttest ved Fjellstad, midt på dagen laurdag 10. september, helste på kvarandre og fann seg rom. Litt logistikkprat og snakk om dagens rute: Greitt med joggesko? Ved starten seier ein namn og nummer, så er det opp til kvar og ein å tenke det ein vil om tapa sine. Slik sett kan ein gå ei heil vandring å berre lytte til andre sine historier. Det er lov seie så mykje eller lite ein vil. Alt i alt vart det 13 kilometer denne dagen. I 18-tida kom me til Haukeliseter for ein god kjøtkakemiddag, men før det vart det tent lys i Dysrkartunellen for å markere Verdsdagen for sjølvmordsførbygging. Så er det små openberringar av nærleik på slike vandringer, slike som opnar opp både sårt og søtt, vondt og godt. Kvelden på Fjellstad var akkurat slik. Sundagen starta med bacon og egg, etter ei kjapp utvasking kom me oss greitt gjennom kolonnane og kunne starte vandring kl. 9.15. I Austmannali var det fint rydda, me kjende oss velkomne. Om lag klokka 15 kom me fram til kyrkja der to av pilegrimsentusiastane i Røldal, *Margit Gjørv* og *Lars Seim* tok imot oss. Det er ei stor glede å samarbeide med RVTS Sør ved spesialrådgjevar *Øyvind Dåsvatn* og diakon *Ole Hafell*, prosjektleiar for Ung Sorg. Me takkar også for den positive samarbeidsavtala me har med Agder og Telemark bispedøme og Øvre Telemark prosti.

Neste år går vandringa laurdag 10. og sundag 11. september 2023.



## Vandre med håp

Sidan 2008 har pilegrimsvegen til Røldal blitt nytta til psykisk helsearbeid, eit samarbeidsprosjekt mellom diakonatet i V-T, psykisk helse i V-T kommunane, KVITO og DPS i Seljord. Gjennom tre dagar deltok det i år 100 pilegrimar, om lag 60 forskjellige menneske på årets vandring.

## Verdiseminar på Vinjehuset om «von» 12. november

Det er urolege tider, me treng von.

Kvar finn me det om dagen?

Laurdag 12. november 2022 kl. 12 er det igjen klart for Verdiseminar på Vinjehuset.

Sidan 2004 har Diakonatet i Vest- Telemark, Kyrkja i Vinje og Vinje kommune arrangert Verdiseminar.

I år ser vi på von frå ulike vinklar: *Von i dag* ved kultursjef i Vinje Kristian Rantala, *Von i kampen for ei betre verd* ved Siv Engerhaugen Bonde, leiar av Nettverksekksjonen i Kirkens Nødhjelp, *Kjelder til von i mitt liv* ved pilegrim og journalist Torleiv Berdal, *Å preike von* ved sokneprest i Kviteseid Møyfrid Lunde, *Å møtes i von*, ulike trus og- og livssynssamfunn i Vinje deler tekstar om von.

Tekster og bilete på denne sida: Eilev Erikstein



## Karten 40 år

Denne hausten er det 40 år sidan Karten fjellkyrkje på Bykleheia vart vigsla. Det vart feira sundag søndag 18. september med mellom anna gudsteneste kl. 12, gratis pølse m. brød og marsipankake. Gudstenesta starta med at Sondre O. Bratland fortalte om arbeidet med kyrkja – frå starten til ho var klar til å takast i bruk som innvigd gudstenesthus, og overnattingsstad for born og unge. Sondre var, som speidarleiar, initiativtakar og drivkraft i arbeidet med å få realisert draumen. Men han understreka at eit slikt prosjekt ikkje hadde vore mogleg utan mange støtte og hjelp frå speidarforeldre og bygdefolk. Kyrkja vart reist med ein stor dognadsinnsats av unge og gamle, først og fremst frå Edland og Haukeli, men og frå andre stader.

Kjernen av fjellkyrkja er ei tømre som hadde vore bedehus i Grungedal. Misjonslaget fell for ideen å gjere bedehuset om til ei fjellkyrkje, ikkje minst for å støtte barne- og ungdomsarbeidet i øvre del av Vinje. Dei gav bygget mot at ein reiv det, og overtok eit lån på 2000 kr. Eivind Kili, tømrar frå Grungedal, hadde ansvar for å få opp tømra. Han hadde og vore med når bedehuset vart reist første gang i dei harde trettiåra. Hans Tjønn og Einar Apeland sette opp tilbygget som romar forstoga, doane og lagerrom.

I løpet av dei 40 åra kyrkja har stått inne på «Karteluen», som morenerryggen der kyrkja står heiter, har speidrarar og andre unge hatt

## Karten år for år

Våren 1974

Gåve frå Misjonslaget i Grungedal: Bedehuset.

Hausten 1974

Bedehuset vert rive og køyrt bort til grustaket på Nuten.

Vinteren 1975

Transport av tømra med Muskegg og snøscooter



Orgelet vert frakta over bekken ned Muskegg. Sjåfører Ingmar Kringlegarden sit geymt bak orgelet.

Olav Kvålen og Kåre Edland stydjer og gutane spring.

Våren 1975

Teikning og utstikking ved Gunnar Sandvik, kommunearkitekt.

Sumaren 1975

Graving av tomt ved Sverre Kvålen

Hausten 1978

Muring av grunnmur på dugnad.

Sumaren 1979

Tømra vert reist ved snikkar Eivind Kili.



Knut Martin Edland og Ånund Haugen fraktar material på snoscooter.

29. juli 1979

GRUNNSTEINSNEDLEGGING ved sokneprest Magne Bergset og pastor Harald Schøien

Vinteren 1981

1. del av bygget vert reist og golvet vert lagt ved Einar Apeland, Hans Tjønn og Sverre Bendixen.

Sumaren 1981

Tømra vert kledd ved Åsmund Haugane

Vinteren og våren 1982

Siste del av tilbygget vert reist og tømra kledd ved Halvard Kvaslerud, Såvi Gunvaldjiord og Aslak Edland.

Sumaren 1982

Finpuss, maling og rydding på dugnad.

Laurdag 18. september

Orgel og kyrkjeklokke kjem på plass.

Sundag 26. september 1982

Biskop Utne vigslar fjellkyrkja



Frå v. Hans Tjønn og Einar Apeland

utallige helgeturar og dagsturar, og mange har hatt dampande opplevingar på påskedagsmesser og andre gudstenester og andaktar i kyrkjeromet.

Dei siste åra har Karten vore fast gudstenestestad i påska, Skjærtorsdag og Påskedag, og ein gong på hausten.

Overnattingsopplevelingar er det blitt færre av.

Kva som skjer med Karten i framtida, er usikkert. Eit styre har ansvaret for bygget, medan kvar ansvaret for kyrkja ligg, utover den tekniske drifta, er noko uklart. Håpet er likevel at fjellkyrkja igjen kan bli til inspirasjon for barne- og ungdomsarbeidet i øvre Vinje, slik den ein gong var?

Tekst: Oscar Johan Garnes



*Ann Kristin har ordna seg med to stabile karar til å føre kanoen, Knut Åsheim (bakerst) og Jon Edland. Kvifor brukar ikkje dei og flytevestar, tru...?*



*Olav Flothyl med fiskereidskap de luxe..*



*Banksjefen i Tokke Vinje Sparebank overleverer sjekken til Kartens kasserar Knut Bjåen.*



*Kåre Edland og Olav Kvålen løfter brustokkane på plass*



*Knut Tore Apeland, Torbjørn Bjåen og Sigmund Haugen blandar sement på dugnaden i fjor haust.*

Illustrasjonane på desse to sidene er faksimile fra informasjonsavisa som var innstikk i Vest-Telemark Blad laurdag før grunnsteinsnedlegginga i 1982.

Fleire av dei som er på biletet er døde no, men alle la dei etter seg ein arv som har vore til signing for generasjonar etter dei.

Biletet øvst til venstre på andre sida, er frå gudstenesta 18. september 22. Tor Eivind Erikstein og Sondre O. Bratland, framfor altaret med tekstbiletet kona til Sondre, Elisabeth, gjorde.

Foto: Oscar Johan Garnes

# Olsok i Rauland

Strålende vêr og vel 100 frammøtte til olsokfeiring med kyrkjegardsvandring, ein tradisjon i Rauland attende til 1996. I år var ikkje heilagkongen Olav i sentrum, men eit dåpsbarn som fylgte godt med i ei triveleg messe. Soknerådet metta alle med god olsokgraut ute ved Totakstrondi.



Men først, ute på kyrkjegarden, fekk me høyre om livet til Olav Kvåmmi, Olav Storlid, Kjersti og Gutte Strondi, Martha Fundlid.

*Marit Vaagen Lilleland* fortalte om langbesta si, Anne Aksvik. (Her mykje avstutta.) Anne var fødd i Hjartdal i 1865. Foreldra var Olav H. Nordbø og Anne Jonsdotter Bekkhus. Faren var lærar, klokkar, gardbrukar og ei tid ordførar.

Anne gjekk Kviteseid seminar og kom som lærar til Rauland og Aksvik i 1885. Då var det omgangsskule, og presten hadde tilsyn med skulane. Sokneprest S. L. Nordberg gjev Anne ein god attest i 1889 som lærar, der han også skriv, «*På hennes forhold utenfor skolen vites heller intet at utsette*».

Knut Aksvik var blitt enkemann dette året, etter stutt tids ekteskap då kona og dottera døydde i barsel. I 1892 gifte Knut og Anne seg, og fekk dottera Anne same år. Ho var einebår til 1907. Anne kom som pleiedotter til Aksvik, to år gamal. Ho var yngst i ein barneflokk på

fem som hadde mist foreldra sine, og kom frå husmannsplassen Brandland. Seinare tok Anne og Knut til seg Halvor. Han kom frå husmannsplassen Haugestøyl, der tre brør hadde mist foreldra sine. Halvor var fire år. Same året kom også Nils til Aksvik. Han var då 16 år og bestas biologiske bror. Slik vart det fire born i Aksvik, og Anne var mor for dei alle. Aksvik var ein velståande gard, med utmark, staular og husmannsplassar. Anne ble enke alt i 1924. Då sat der att tre sterke og arbeidssame kvinner i Aksvik, Sjov Anne, Stor Anne og Vesle Anne og så to dyktige karar, Halvor og Nils.

I onnene var det i tillegg slåttekarar og drenger. Dei dreiv eit aktivt staulsliv på det brattlendte Dalastøyl, der dei sat med driftir og eigne dyr og produserte ost.

Sjov Anne sytte godt for sine. Besta og bestefar, Anne og Olav Ragnhildsekre kom til Reinsvikji i 1938, tidlegare husmannsplass under Aksvik. Halvor fekk Nordgarden, der han bureiste. Nils var borte frå Aksvik nokre år. Då dotteri, Stor Anne, døydde i 1953, kom han attende med familien sin og overtok garden.

Ord av Halldis Moren Vesaas høver godt på Sjov Anne, *gi både hjarte og hender i omsorg som aldri svik, var det som gav meinig til ferda di og let deg få kjenne deg rik.*

Det hadde vore fint og møtt langbesta. Ho måtte ha vore eit særdeles klokt, arbeidssamt, omsorgsfullt og kjærleg menneske. Anne Aksvik døydde i sept. 1958, 93 år gamal.



Tekst: Åsta Østmo Kostveit

Bileta er tekne av Sigrid M. Finnseth Nykos

Det første biletet er Marit Vaagen Lilleland som fortel om Knut og Anne Aksvik.

Det andre biletet er dotter av Olav Storli som fortel om far sin. Mor hennar, Ågot Storli, sit i rullestolen ved sida av grava.

# Olsok i Vinje

I Vinje har og sokneråd og historielag gått saman om å «vandre på kyrkjegarden», ein måte å minnast og skape kunnskap om dei som på ulikt vis gjorde sitt til at Vinje-samfunnet er blitt slik det er i 2022. I Vinje kyrkje olsok 2022 var det to systrar ein mintest, «Syster Tone» (f. 1902 – d. 1994) og Signe Kårehommen (f.1915 – d.2002). På grunn av plassmangel, vert det mest om «Syster Tone» her på neste side.

*Tone og Signe Kårehommen var tantene til Øystein Løk, som døde i haust. Han hadde ein samtal med tantene sine i 1989. På grunn av lengre tids sjukdom, var det sambuaren hans, Aud Groven, som bar fram utdrag av det Tone og Signe fortalte til Øystein.*

## «Syster-Tone»

«Syster-Tone» vart ho kalla fordi ho var ein av pionerane som helsearbeidar i Vinje, både som heimesjukepleiar og etterkvart som den første styraren ved Bygdeheimen på Grungebru, som stod ferdig i 1954. Ho var tilsett av Helselaget i Vinje, som og stod for bygging og drift fram til kommunen overtok i 1972. Då slutta og «Syster Tone» sitt virke som lønna helsearbeidar i Vinje. Det gjorde og Signe, som då hadde vore tilsett på kjøkenet ved Bygdeheimen sidan 1960.

Namnet Kårehommen kjem frå ein liten plass i Håtveitgrendi i Mo. Det er ikkje att hus der no. Far til Tone og Signe var Vetle Kårehommen, f. 1870. Då han tente på Groven, trefte han tenestejenta Ingebjørg Skaret f. 1879, dei gifte seg og fekk fem ungar: Tone i 1902 – født i Mannås, Signe f. 1905 i Svalastog på Nesland, Margit f. 1908 i Døle i Berdal, Sveinung f 1912 på Baklie, ein plass under Groven i Mannås og Gudrun f. 1915 på Midtbø i Særensgrend. Margit blei gift med Torleiv Løk, og var foreldra til Gunbjørg, Olav og Øystein. Som ein ser flute Vetle og Ingebjørg svært mykje. Vetle ville heile tida prøve noko nytt, noko som var betre. I 1924 kom dei til Løk, men i 1928 heldt Vetle ikkje ut lenger. Tone kalla det for næringssut. Etter konfirmasjonen jobba Tone ei tid på Lofthus og ei tid på Midtsæ, før ho tok husmorskulen på Sagavoll i 1927. Etter husmorskulen var ho på Berge på Rauland og på Svalastog, før ho hausten 1931 starta på



3-årig sjukepleiarutdanning i Skien. Det var få som tok utdanning på dei tider, men frå Vest Telemark var det i tillegg til Tone, ei jente frå Lårdal. Etter utdanninga hadde Tone noko privat pleie, og var eit års tid vikar for distriktsyster Anne Årmoti i Vinje. I 1936 starta ho som distriktsyster i Rauland. Som regel jobba ho då som pleiar, men kunne og vera husmorvikar dersom kona på garden var sjuk. Ho arbeidde inntil 3 veker på kvar stad. Det var fast tilhald på kommunehuset, men ho låg som regel i dei husa der ho jobba, og då hende det at ho måtte ligge på to stolar dersom det mangla ei seng ho kunne bruke. I Rauland var ho i om lag tri år før ho vart tilsett som distriktsyster i Vinje i 1938. Ho var tilsett av, og fekk løn av Helselaget. Dei samla inn pengar med basarar og anna. Tone fekk kr 1000 som løn i året, noko som var kr 200 mindre enn det Anne Årmoti hadde hatt fyri henne. Ho sökte om alderstillegg etter 4 år, men det var det berre så vidt ho fekk.

Då Tone byrja som distriktsyster i Vinje var ho aller fyrst på Bratland, hjå Olav og Sigrid, der Sondre nettopp var fødd. Ho var og ei tid i Havradalen, men dit var det ikkje lett å koma. Det var buss til Haukeli, skyss vidare til Vågslid. Så lånte ho sykkel for å koma seg til Prestegård og deretter ski, då dette var i vårløysinga. Steffa Havradalen skulle fylgje henne, men han hadde så mykje å bera på sjølv at han kunne ikkje hjelpe henne. Då dei kom til «brötet» for han frå ho, men då såg ho ljosa i Havradalen, og kom fram sein på kvelden. Der var ho i 42 dagar.

Då ho byrja på Bygdeheimen i 1954 var ho lenge den einaste med sjukepleieutdanning der. Ho hadde fri ein dag i veka, og annakvar helg. Mange meinte det var altfor mykje fri, sjølv om ho stod på døgnet rundt når ho var på jobb.

Systrane kaupta eigedomen Odden av Vinje kommune. Odden ligg like aust for dagens Vinjar og Vinjesenteret, og hadde m.a. vore ein skyss-stad for dei som skulle over Vinjevatn. På Odden hadde dei ein heim å koma til medan dei jobba på Bygdeheimen. Dei budde saman på Odden så lenge dei levde.

# Konfirmantane hausten 2022



## Konfirmantar i Rauland 17. september

Bak frå venstre: Sverre Vaagen Kallevik, Livår André Romtveit, Håvard Draugedal, Jarand Årdalen Tveiti. Framme: Anne Marie Tempelen (prest), Jostein Eivindsson Kåsa, Andrea Dagalid, Heidi Hervik, Anna Gundlach Clausen, Tor Eivind Erikstein (prest).



## Konfirmantar i Øyfjell 17. september

Tor Eivind Erikstein (prest), Saamund Rorge tjønn, Sjur Holte, Anne Marie Tempelen (prest)

## Konfirmantar Vinje

### 3. september og

### Nesland 13. august

Bak frå venstre: Jon Sandvik, Tarjei Vesaas Tveito, Ånond Versto (Nesland), Haakon Nordstoga, Lars Austjore Våle (Nesland), Øystein Groven (Nesland).

Framme frå venstre:

Ane Slættå, Sofie Lundarvollen, Annbjørg Ringhus, Oda Hovden Högset, Eirin Kostveit Seltveit, Anne Haugeberg Midtbø, Nora N. Kostveit. Innfelt: Torjus Mondal Ljostad



### Fotografer

Rauland: Knut Draugedal  
Øyfjell: Anne Merete Rorge  
Vinje: Bjørn Tveito og Stine Beate Mondal Ljostad  
Grunge: Gudrun Semons

## Konfirmantar i Grunge 3. september:

Marit Åsheim Ringhus, Johan Romtveit,  
Else Kristin Kili



## Neste års konfirmantar er i gang!

*Med vakre bilete av flotte konfirmantar, går vi i gang med eit nytt konfirmantår med nye ungdomar, som vi gler oss til å møte!*

*Overskrifta på konfirmanttida og konfirmantførebuinga er «Ønska og elsk», og startar med eit*

## «Kick off» laurdag 29. oktober

«Ønsket og Elsket» er ein del av Den norske kyrkja i Øvre Telemark sitt konfirmantarbeid. Og anten du har bestemt deg for å vere med på kyrkja sitt konfirmantopplegg, eller du er usikker, eller om du er ganske sikker på at du ikkje skal det, men er gira på ein kveld med #tøppstemning uansett, er du velkommen!

Tid: Laurdag 29. oktober 2022, kl. 18.00-22.30

Stad: Husdyrhallen på Dyrskuplassen i Seljord For kven: Alle 9.-klassingar i Øvre Telemark Pris: Arrangementet er GRATIS! Ta med:

- Litt lommepengar til kiosk (det blir matsal og sal av kioskvarer, vi tar kort og kontant).
- Handkle og klesskift/klær til å bli våt i, samt varmt skift til heimreise (for dei som vil vere med på skumpartyet, der blir ein klissvåt! :) Og kald...)

## Neste års konfirmantar – og foreldre!

# Nokre datoar det er fint å merke seg

29. oktober: Kick-off i Seljord. Sjå eiga sak i bladet. Hugs påmelding innan 20. oktober på Ønsket og Elsket, Kick-off.

Presentasjon av konfirmantane. Dette skjer ved fylgjande gudstenester:

- 20. november kl 1100 i Rauland kyrkje
- 27. november kl 1100 i Vinje kyrkje
- 2. desember kl 1800 i Grunge kyrkje
- 4. desember kl 1100 i Øyfjell kyrkje
- 7. januar kl 1700 i Møsstrond kyrkje

Konfirmantsamlingane startar i veke 2.

Vi samlast ca kvar tredje veke.

- 25. mars 2023: Konfirmanttreff i Seljord
- 28. mars Fasteaksjon. Kirkens Nødhjelp.
- 19. – 23 juni. Konfirmantleir. Stad: Gjennestad, Stokke. Påmelding innan 18. desember 2022.

### Konfirmasjonar:

- Møsstrond kyrkje 26.8.
- Grunge og Vinje kyrkjer 2. 9.
- Rauland og Øyfjell kyrkjer 16.9.

Dette er nokre datoar det er greitt å vite om no. Nærare informasjon med alle datoar blir sendt til konfirmantar og foreldre/føresette nærare jo!

### Påmelding til Kick off

[ovretelemark.no/Ønsket-og-elsket](http://ovretelemark.no/Ønsket-og-elsket)  
innan 20. okt. 2022

Gratis buss går frå Dalen kl 16.15.

Frå Åmot, Kroa kl 16.45, og

Høydalsmo kl 17.00

Retur frå Seljord kl 22.30 til Høydalsmo, Åmot og ned til Dalen



# Ætt skal fylgja ættarrad...



## Døypte i Vinje og Rauland sidan siste kyrkjelydsblad

### Vinje kyrkje:

Tarjei Teigland Bråstøyl  
Solveig Nystog Thoresen  
Heiki Holger Nordseth  
Tor Magne Gromstad Øygarden  
Mathias Øien-Sudbø  
Synnøve Bringsvær-Storåslid

### Grunge kyrkje:

Brynjar Waal Kvaslerud

### Rauland kyrkje:

Kristin Dalen  
Ingrid Anne Berger-Floten

### Øyfjell kyrkje:

Olivia Kasin Nordbø

### Møsstrond kyrkje:

Ronja Nordjordet Bjørtuft  
Vemund Espeland Eide



## Ektevigde i kyrkjene i sommar og haust

### Vinje kyrkje:

-Linda Kvalnes Nystog  
og Tarjei Thoresen

### Nesland kyrkje:

-Anne Bjørgunn  
Nordjore  
og Christian Sandok

### Grunge kyrkje:

-Lill Sara Kvålen og  
Ole- Johan Gardsteig  
-Stine Wereide Rugland og  
Magnus Berntzen Nordlid

### Rauland kyrkje:

-Marie Ridderhus  
og Øyvind Lillefosse Ofte  
-Liv Storm Jortveit  
og Pål Gunnar Normann  
-Vibeke Heiberg Ødegård  
og Vegar Kippersund  
-Synne Muggerud Sørensen  
og Mathias Vatnehol Fjørtoft



## Gravlagde i Vinje og Rauland sidan siste kyr

### Vinje kyrkje:

Magne Øygarden  
Anne Brekke  
Øystein Løk

### Grunge kyrkje:

Sigrid Tverrås

### Rauland kyrkje:

Birgit Djuve  
Inge Resen Nicolaisen  
Asle Storlid

### Nesland kyrkje:

Margit Sveinsen  
Sigrid Sandok

«Tider skal koma, tider burt skal kverra,

Ætt skal fylgja ættarrad

Aldri skal tagna tonen frå himlen,

Sjeli sitt glade pilgrímskvad.»

## GUDSTENESTER I KYRKJENE I VINJE KOMMUNE

### OKTOBER

Sundag 02.10	Vinje kyrkje	11.00
Sundag 09.10	Grunge kyrkje Øyfjell kyrkje	11.00 17.00
Sundag 16.10	Rauland kyrkje	11.00
Sundag 23.10	Arabygdi Grendehus Nesland kyrkje	11.00 11.00
Sundag 30.10	Grunge kyrkje	11.00

### NOVEMBER

Sundag 06.11	Vinje kyrkje Rauland kyrkje	11.00 19.00
Sundag 13.11	Øyfjell kyrkje Grunge kyrkje	11.00 11.00
Sundag 20.11	Rauland kyrkje folkemusikkgudsteneste	11.00
Sundag 27.11	Vinje kyrkje	11.00

### DESEMBER

Fredag 02.12	Grunge kyrkje	18.00
Sundag 04.12	Øyfjell kyrkje	11.00
Laurdag 24.12	Rauland kyrkje Rauland kyrkje Vinje kyrkje	14.00 16.00 16.00
Sundag 25.12	Rauland kyrkje Vinje kyrkje	11.00 11.00
Sundag 26.12	Øyfjell kyrkje Grunge kyrkje	11.00 11.00
Laurdag 31.12	Rauland kyrkje	23.15

## Andre arrangement

Grunge kyrkje - Konsert med Kjetil Flatland - 18. november kl. 19

Rauland kyrkje - Folkemusikkgudsteneste til minne om Myllarguten - 20. november kl. 11

Rauland kyrkje - Konsert med Rauland- og Haukeli/Edland musikkorps - 11. desember kl. 19

Vinjehuset - Verdiseminar - 12. desember kl.12

Vinje kyrkje - Vi syng joli inn saman med koret «Fjellrøyst» - 17. desember kl. 17

Grunge kyrkje - Jolekonsert med Lina Haugholmen og Robertas Lamsodis - 20. desember kl. 19

---

Med etterhald om endring! Sjå messelista i Vest-Telemark Blad og heimesida til kyrkja

[www.vinje.kyrkja.no](http://www.vinje.kyrkja.no)



## Til trøyst

Viss tankane dine er tunge  
legg dei i min tanke  
så skal eg kvila  
tanken din for deg

Har du hjartesorg  
legg hjarte ditt i mi hand  
så skal eg halde det  
tett inn til mitt hjarte  
for å hindre din smerte  
slik kan hjarte ditt  
og hjarte mitt  
banke i same takt

Ser du ikkje soli ein  
solskinsdag lovar eg deg  
å ta deg burt frå din skugge å  
lyfte deg fram i ljuset

Viss du treng til å kvile deg så  
kan me kvile saman  
og eg vil kviskre i øyra ditt  
det skal bli betre

Skal eg bera din tåre for deg  
for så å la den sildre gjennom  
fingrane mine  
fyre den landar trygt  
i det mjuke graset.

Kjenner du eit sandkorn  
kile deg mellom tærne  
så vil eg gå barbeint  
saman med deg  
med bar sjel

Ser du etter din stjerne  
på himmelen  
vit at den vil skine  
når tiden er inne

I mens  
la oss nyfikne  
gå ut i natta  
og halde hendar  
og høyre  
på grashoppas muntre melodi.

Åsne A. Tjønn.

Åsne er dotter av Hilda og Einar  
Tjønn. Ho er fødd i Rauland i  
1954, og bur no i Risør.